



Dokid: 18127181 (18/7958-1)
Søknad om midlar

Svelgen Opp og Fram
Kåre Myklebust
6723 Svelgen

6723 Svelgen 0809 2018.
Organisasjonsnr. 997 713 311

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ Fylkesordfører Jenny Følling
Askedalen 2
6863 Leikanger

Søknad om midlar.

Svelgen Opp og Fram er ein upolitisk organisasjon, skipa hausten 2011 og har m.a. som mål å gjere Svelgen sentrum til ein triveleg stad. Sentrum skal og gjennspeile kva det er som har bygt opp Svelgen. Vasskrafta.

Svelgen Opp og Fram har ved hjelp av sponsormidlar og stor dugnadsinnsats, fått ny fontene.

Siste halvanna året har vi fokusert på å få på plass skovlehjulet som i 97 år har skaffa straum og gitt inntekter til kommunar og eigarar.

Sist onsdag og torsdag hørde eg i radioen at verdien til aksjane fylkeskommunen har i SFE, hadde ein verdi på ca 1,5 milliardar. Hjulet som no er plassert i sentrum, har vore ein viktig ytar til desse verdiane.



Svelgen Opp og Fram ynskjer med arbeidet vi er i gang med, å ta vare på denne utrulege historia og lage ei fin ramme rundt ein verdiskapar gjennom 3 generasjonar. Skal vi få dette til, treng vi midlar. Vi vonar fylkeskommunen som deleigar av SFE, ser verdien i arbeidet vi gjer, og vil vere med å gi den grønne

verdiskaparen eit verdig minnesmerke. Verdiskaparen kunne tenkje seg ei løn på 1000 kr året, men er takksam for det han måtte få..

F. Verdiskaparen
Svelgen Opp og Fram

Kåre Myklebust